

Livet er ein onlinedans

Er internett så utflatande, ope, demokratisk, folkeleg og fritt som det blir sagt? Eller er nettet i ferd med å snøre seg saman?

I år er det femti år sidan sovjetarane skaut ut den 83,6 kilo tunge Sputnik 1-satellitten i bane rundt jorda. Det fekk iallfall USA til å skjelve og skjønne at Guds eige land kunne bli råka av dei fælaste bomber fyrde av frå hi sida av kloden. Det nye trusselbiletet gjorde at Paul Baran, ein ung elektroingeniør som arbeidde i tenkjetanken RAND Corporation, utvikla grunnlaget for det han kalla distribuert kommunikasjon. I eit nettverk av datamaskiner skulle meldingar kunne følgje eit utal køyreruter gjennom pakkesvitsjing. Om ein fiende ville øydeleggje sambandet, måtte han bombe alt eller ingenting.

Tolv år etter Sputnik 1 tok USA ikkje berre leiinga i romkappløpet ved å plassere ein mann på månen. I 1969 lanserte det amerikanske forsvarsdepartementet noko som heitte ARPAnet, tufta på teknologien til Baran. ARPAnet blei forløparen til Internett. Me talar om «The Big Bang» i cyberromet, eit minst like stort sprang for menneskeslekta som Armstrongs litte og luftige steg ut frå Apollo 11.

I boka *Verden er flat* argumenterer journalist Thomas L. Friedman for at Internett har gjort verda flat, som boktittelen seier, særleg etter at World Wide Web kom i 1991 og gav orden i kaoset. Han viser til at nettet tvingar næringslivet til å samhandle meir horisontalt, ikkje i hierarkiske siloar som tidlegare. Vidare har underutvikla land som India og Kina fått eit unikt høve til å konkurrere om høgteknologiske jobbar. Det globale spelebrettet har blitt flata ut, meiner Friedman. At terrenget for private formuar blir stadig meir kupert, går han ikkje nærare inn på.

Eit liveshow

Internett har på ti år snudd opp ned på mykje. No er det til dømes små ungar som må lære opp foreldra; om lynmeldingar, fildeling og MMS. Oppvakte foreldra har på si side fått eit unikt høve til å sjå kva ungane held på med; gjennom informasjonskapslar, loggbøker og andre digitale sporteikn. På arbeid kan arbeidsgjevaren sjekke e-posten til dei tilsette, har me høyrte. Og for kva webbar det måtte vere: I fjor vedtok EU-parlamentet eit direktiv om at teleoperatørar og internettleverandørar skal lagre alle opplysningar om trafikken på nettet i minst eit halvt år.

For kort tid sidan melde NRK at USAs etterretningsteneste National Security Agency kan ha skaffa seg høvet til å halde oppsikt med dei som brukar det nye operativsystemet til Microsoft, Windows Vista. Frå før kjenner me den kinesiske brannmuren. Gjennom å kontrollere alle webhotella i landet, og gjennom å ha inngått samarbeid med søkjemotorar som Google, kan dei kinesiske styresmaktene luke ut yringsugras om til dømes sjølvstyre for Tibet og Taiwan.

Eit liv på nettet er ikkje eit liv i løynd. TV-serien Big Brother er slik sett ein skule for dei som vil takle å bli konstant halden auge med.

Eller for dei som ikkje takla det: Big Brother-paret Young og Karlsen ønskte å trekkje seg tilbake, men Se og Hør hang på, og det heile hamna i retten. At paret som dei første i landet hadde sex på direkte TV, skal Se og Hør-redaktør Odd Johan Nelvik ha samanlikna med månelandinga. Livet er eit liveshow. Livet er ein onlinedans.

Maktinnreiinga

Stuart Hamilton har skrive doktorgrad om tilgangen biblioteka har til Internett, eit arbeid han forsvara på Danmarks Biblioteksskole i

februar 2005. Han tek opp dei felles interessene næringslivet og styresmaktene har i å auke kontrollen med det nye mediet.

I starten hadde alle dei arkitektoniske laga til Internett preg av å vere allmenningar, skriv Hamilton: Både det fysiske leiingsnett i botnen, programma, språka og protokollane i midten (som TCP/IP og HTML) og sjølve innhaldet på toppen. Så blei allmenningane truga av lovheimla opphavsrettar, patent på programvare og av ein stadig meir konsentrert mediemarknad.

Etter terroråtak mot World Trade Center 11. september 2001 var Kongressen i USA rask med å banke gjennom *The PATRIOT Act*, ei lov som gjev autoritetane heimel til å få ut meir informasjon frå nettleverandørar og til å spionere på web-surfing. Storbritannia følgde opp med *The Anti-Terror Bill*.

Samstundes innreidde marknadskreftene seg. Hamilton nemner fleire kommersielle erobringar. Mellom 2001 og 2005 voks annonsememarknaden på nettet med 137 prosent. Nettavisene blei gratis, men lasta med lødige tips om gangsterkurar og røvarkjøp. Ein annan måte å vinne fram på var å klatre på listene til søkjemotorane ved hjelp av sponing og algoritmerkning. Vidare er Internett perfekt til å kartleggje refleksane til brukarane. Spionprogramvare og krav om registrering er to metodar som breier seg i så måte, seier Hamilton.

Skal nettet bli meir demokratisk, må fleire laste opp, ikkje berre laste ned, heiter det. Hamilton har denne kommentaren, omsett frå engelsk: «Brukarar blir forbrukarar på mange fleire måtar, og om dei greier å produsere informasjon, er det truleg at denne informasjonen har å gjere med egne surfevanar meir enn med egne web-sider.»

Chatterske tankar

No skal det seiast at Det kongelege norske fornyingsdepartementet peilar faresignala. I stortingsmeldinga *Eit informasjonssamfunn for alle*, som kom i fjor, står mellom anna: «Å gjere det kollektive samfunnsminnet tilgjengeleg i inn- og utland via Internett handlar om å demokratisere og desentralisere kunnskapskjeldene.» Fornyingsminister Heidi Grande Røys svingar seg til dei nobelske høgder når ho skriv om å «... føre eit norsk samfunnssyn og fellesskapsforståing inn i ein digital tidsalder». Men når skulesektoren har store forventningar til digitaliseringa av arkiva til NRK, er tonen meir flat: «... både NRKs ønske om kommersiell utnytting av arkiva og opphavsrettslege forhold gjer denne saka komplisert.» Regjeringa vil først og ikkje minst ha meir elektronisk handel og sømelegandel.

Før stortingsvalet i 2005 melde Nynorsk pressekontor at alle vevloggane, desse opne dagbøkene på nettet, kunne avgjere valresultatet: Sidan vevloggane diskuterer innhaldet i politikken, medan massemedia mest er opptekne av spelet i politikken. Bloggforskar Torill Mortensen i Volda opplyste på hi sida: «Det er berre eit fåtal som bloggar om politikk...»

Det er stilt forventningar til Internett som ein stad der undertrykte frå ulike kantar av verda kan sameine og reise seg; distribuert kommunikasjon og distribuert makt. Den grå vevkvardagen ser i høgda ut til å by på rørsler som www.hillaryclinton.com.

**Sigbjørn Høidalen,
Volda**

Sigbjørn Høidalen har vore redaktør i Drangedalsposten og er no journalistikkstudent ved Høgskulen i Volda.